



Kommuneplanen sin arealdel 2015 – 2027 Planomtale



Vedteke: 04.06.15
Saks nr: 12/1648, 13/451, 14/1635 og 15/572
Dato: 15.06.2015



Forord

Kommuneplanen sin arealdel er den overordna planen for arealdisponering i Eid kommune. Arealdelen er tett knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel som legg føringar for framtidig samfunnsutvikling i Eid kommune.

Gjennom arealdelen legg Eid kommune føringar for kva tiltak den enkelte kan gjere innanfor ulike område i kommunen. Handsaming av enkeltsaker vil skje på grunnlag av lovverk og retningslinjer og lokale føringar i plankartet, føresegnene og retningslinjene.

Kommuneplanen sin arealdel er bygd opp av planomtale, plankart og føresegner. Planomtalen gjev ei innføring i kva som ligg til grunn for det som står i plankartet, føresegnene og retningslinjene.

Korleis arealdelen vart til, prosessen, kan du lese om i første kapittel. Andre kapittel tar for seg kva overordna rammer Eid kommunen må halde seg innanfor ved utforming av ny arealdel.

Samandrag av alle innspel som er kome inn, og vurdering av desse, finn du i vedlegg 2.

Oversyn over utvikling i førre planperiode, samt behov og ynskjer framover, finn du i tredje kapittel. Her finn du og eit oversyn over endringar som er gjort innanfor bu, arbeide/drive næring og fritid, i tillegg til eit eige oversyn over endringar innanfor ulike arealformål.

For meir utfyllande oversikt over framtidige byggeområde, både heilt nye og vidareførte frå førre planperiode, sjå vedlegg 1 i føresegnene og retningslinjene. Du finn desse områda igjen på plankartet ved å sjå på koden på dei framtidige byggeområda.

Det er høve til å bygge i både eksisterande og framtidige byggeområde. I fleire av utbyggingsområda er det krav om utarbeiding av reguleringsplan før eventuell utbygging kan skje.

Fjerde kapittel i planomtala omhandlar dei ulike omsyna som Eid kommune må ta ved endring av arealbruk i ulike område. Dette er følgt opp i konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbarheitsanalysen i vedlegg 1 i planomtalen.

I femte kapittel finn du eit oversyn over vedlegg til planomtalen, og her ser du kva vedlegg som er nye og vidareførte.

I løpet av 2014 vil digitalt planregister bli innført i Eid kommune, du kan då gå inn i denne nettportalen og finne gjeldande føringar for arealbruk i ditt område. I vedlegg 2 i føresegnene og retningslinjene finn du oversyn over gjeldande reguleringsplanar og forholdet mellom desse og arealdelen.

Innhold

Forord.....	1
1. Vegem fram til arealdel.....	4
1.1. Kva er arealdelen?.....	4
1.2. Formål.....	5
1.3. Prosess frå A til Å.....	6
2. Overordna rammer.....	9
2.1. Plan- og bygningslova.....	9
2.2. Lokale føringar.....	9
2.3. Nasjonale føringar.....	11
2.4. Føringar og samhandling – regionalt nivå.....	12
3. Utvikling og endring av arealdisponeringa.....	13
3.1. Bu i Eid.....	13
3.1.1. Utvikling i planperioden.....	13
3.1.2. Framtidig utvikling.....	15
3.1.3. Samandrag av hovudendringar i arealdelen.....	17
3.2. Arbeide/drive næring i Eid.....	17
3.2.1. Utvikling i planperioden.....	18
3.2.2. Framtidig utvikling.....	20
3.2.3. Samandrag av hovudendringar i arealdelen.....	20
3.3. Fritid i Eid.....	21
3.3.1. Utvikling i planperioden.....	21
3.3.2. Framtidig utvikling.....	21
3.3.3. Samandrag av hovudendringar i arealdelen.....	22
3.4. Oversyn over endring innan ulike arealformål.....	23
3.4.1. Bygningar og anlegg.....	23
3.4.2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.....	24
3.4.3. Grønstruktur.....	24
3.4.4. Forsvaret.....	24
3.4.5. Landbruk-, natur- og friluftformål.....	24

3.4.6. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone.....	24
3.4.6. Juridiske linjer	25
4. Omsyn	26
4.1. Tema som vert tatt opp i konsekvensutgreiinga	26
4.1.1. Overordna mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel.....	26
4.1.2. Tettstadutvikling.....	26
4.1.3. Samferdsel og infrastruktur	27
4.1.4. Verdiskaping og næringsutvikling	29
4.1.5. Natur, kulturmiljø og landskap.....	30
4.1.6. Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø	32
4.2. Tema som vert tatt opp i risiko- og sårbarheitsanalysen	33
4.2.1. Skred, flaum, havnivåstiging og stormflo	33
4.2.2. Andre forhold som potensielt kan redusere samfunnstryggleik	35
4.3. Oversyn over omsynssoner	35
5. Konsekvensutgreiing for planen sin samla verknad	37
5.1. Tettstadutvikling.....	37
5.2. Samferdsel og infrastruktur	37
5.3. Næringsutvikling	37
5.4. Landbruk	37
5.5. Mineralressursar	37
5.6. Naturmangfald.....	38
5.7. Kulturminne og kulturmiljø.....	38
5.8. Landskap	38
5.9. Strandsone	38
5.10. Folkehelse.....	39
5.11. Oppvekstmiljø	39
5.12. Friluftsliv	39
6. Vedlegg	40

1. Veggen fram til arealdel

1.1. Kva er arealdelen?

Arealdelen skal fastsetje klare rammer for arealbruk i Eid kommune. Dette inneber eit langsiktig perspektiv, der det vert sett av nok arealreservar til å sikre den ynskte samfunnsutviklinga samtidig som det gir private aktørar høve til å planlegge på lang sikt.

Alt areal i kommunen er dekkja av eit arealformål gjennom arealdelen eller reguleringsplan. Både arealformålet i plankartet og det som er nedfelt i føresegnene og retningslinjene legg føringar for kva tiltak som kan utførast.

Både plankartet og føresegnene er juridisk bindande. Dette inneber at arealdelen er styrande for kva tiltak den enkelte grunneigar og utbygger kan gjennomføre i planperioden.

Arealdelen omfattar:

- Planomtale med vedlegg
- Plankart
- Føresegner og retningslinjer med vedlegg

Kommunestyret har mynde til å vedta kommuneplanen sin arealdel. Når kommunestyret har vedteke arealdelen er denne juridisk bindande. Unntaket vil vere dersom det vert fremma motsegn mot delar av planen frå til dømes statlege og regionale myndigheiter med motsegnsrett¹. Dette inneber at dei kan fremme motsegn dersom dei meiner at arealdelen er i strid med viktige nasjonale eller regionale føringar. Ei motsegn vil føre til at kommunen må gjennom ein ekstra prosess knytt til dei delane av planen som det er motsegn på. Målet med denne prosessen vil vere å løyse problemstillingane i samråd med nasjonale eller regionale myndigheiter.

Planomtale

Planomtalen gir ei oversikt over formålet med arealdelen, rammer for utarbeiding av arealdelen, utvikling i førre planperiode, strategiar og behov for framtidig arealdisponering og hovudinnhald i planen. Målsettingar og strategiar i andre styringsdokument, både kommunale, nasjonale og regionale, dannar grunnlaget for dei ulike omsyna som skal ivaretakast i vidare planlegging, frådelling eller byggesak. Det er lagt inn ei tematisk oversikt over desse knytt til konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbarheitsanalysen.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse for dei nye framtidige byggeområda ved denne revisjonen, er vedlagt i planomtalen. Samandrag og vurdering av ulike innspel til arealdelen er og lagt ved. Begge desse vedlegga er fletta inn i planomtaledokumentet, resten av vedlegga er lagt ved som eigne dokument.

¹ Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan og bygningsloven, rundskriv T-2/13.

Sentrumsanalysen, både plansje og kvantitativ analyse, som vart utarbeidd hausten 2013 er lagt ved. Kjerneområde landbruk og strandsonevurdering frå førre planperiode er vidareført som vedlegg til arealdelen.

Registrering av barnehagane og skulane sin arealbruk er ikkje lagt ved. Barnetråkkregistrering er ikkje gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Plankartet

Plankartet er juridisk bindande og legg dermed føringar for korleis ulike område i kommunen kan nyttast. Plankartet syner inndelinga av område og hovudformål for desse. I tillegg kjem det fram om det er eksisterande eller framtidig arealbruk som gjeld i dei ulike områda. Det er gjort omfattande endringar i plankartet grunna ny standard som følgje av ny plan- og bygningslov. I tillegg er plankartet oppdatert med nye framtidige byggeområde. Omsynssoner er tatt inn i plankartet for å ivareta viktige omsyn ved endra arealbruk. For å få fram omsynssoner knytt til rasfare, er det utarbeidd eit eige kart, del 2 av plankartet.

Føresegner og retningslinjer

Føresegnene er juridisk bindande og utfyller arealbruken som er fastlagt for ulike område i plankartet. Innhaldet i føresegnene og retningslinjene vert lagt til grunn for framtidig behandling av reguleringsplanar, frådelingssaker og byggesaker.

Anna bakgrunnsmateriale

Tidlegare kartleggingar i samband med arealbruk i kommunen, er lagt ved som bakgrunnsmateriell ved nærare vurderingar av ny arealbruk i ulike områder i kommunen. I tillegg vil kommunale planar, med eigne målsettingar, vere knytt til framtidig arealbruk i kommunen.

1.2. Formål

Formålet med revisjonen av arealdelen er å få ein oppdatert plan som fungerer som eit effektivt styringsverktøy, både politisk og administrativt, og som sikrar ein langsiktig og heilskapleg arealbruk som legg til rette for den ynskta utviklinga (ytra gjennom samfunnsdelen).

Arealdelen skal følgje opp og legge til rette for ei arealdisponering som kan fremme dei måla og følgje dei strategiane som er sett i samfunnsdelen.

Når vi ynskjer 15 % auke i folketalet må vi ha område med kapasitet for bustad.

Når vi ynskjer 400 fleire arbeidsplassar må vi ha område med kapasitet innan næringsformål.

Som ein konsekvens av dette treng vi areal til ekspansjon av eksisterande offentlege tenester.

Fortetta arealbruk krev at det vert sikra friområde til rekreasjon og friluftsopplevingar for allmenta, både i nærområda og gjennom tilkomst til område som er prega av natur.

1.3. Prosess frå A til Å

Planstrategi

I planstrategien som vart vedteken av Eid kommunestyre 21. juni 2012, vart det lagt opp til ein fullstendig revisjon av kommuneplanen. Sidan arealdelen bygger på ynskt samfunnsutvikling var det naturleg å revidere samfunnsdelen først og arealdelen som ei oppfølging av denne.

Planprogram

Planprogrammet som omfatta revisjon av både samfunnsdelen og arealdelen, låg ute til offentleg ettersyn hausten 2012 og vart vedteke av kommunestyret 25. oktober 2012. Her la ein rammene for gjennomføring av prosessen.

Opne møte og innspel

Eid kommune arrangerte opne møte på ni ulike stadar i kommunen i perioden frå november til januar 2012. På desse møta deltok til saman 170 personar som kom med innspel både til samfunnsdelen og arealdelen. Innspela som var knytt til areal er tatt med og vurdert i samla oversikt over innspel, sjå vedlegg 2.

Det er ynskjeleg at ein får innspel frå ulike aktørar i lokalsamfunnet slik at private planar også vert tatt med når arealformåla skal vurderast. Eid kommune tok difor imot skriftlege innspel til endringar av arealdelen fram til politisk handsaming før offentleg ettersyn.

Barn og unge, medverknad

Elevar ved Eid ungdomsskule og Eid vidaregåande skule deltok med innspel til samfunnsdelen og arealdelen våren 2013. Innspela som var knytt til areal er tatt med og vurdert i samla oversikt over innspel, sjå vedlegg 2.

Ved utarbeiding av sentrumsanalysen, hausten 2013, hadde Asplan Viak stand på Operahuset. Der gjennomførte dei eit «minimøte» med elevar i elevrådet for å få innspel til analysen.

Det skal gjennomførast barnetråkkregistreingar ved barneskulane. Her skal elevar lære om kart og kartfeste ein del arealbruk. Barnetråkk skal gi meir kunnskap om barn og unge sin arealbruk, samtidig som barn og unge får høve til å lære om demokrati, medverknad og kart. Ved utarbeiding av reguleringsplanar vil barnetråkk danne grunnlag for å legge til rette for medverknad frå barn og unge. Barnetråkkregistrering har potensiale til å vere ein fast aktivitet for å halde kunnskapsgrunnlaget oppdatert.

Barnehagane og skulane har registrert sin arealbruk utanfor sjølvne barnehage-/skuleområdet. Dette kjem i tillegg til barnetråkkregistrering. Dei har registrert område som vert nytta i kvardagen eller i samband med undervisning. Registreringa dannar eit betre kunnskapsgrunnlag ved framtidig utarbeiding av reguleringsplanar.

Samfunnsdelen

Samfunnsdelen for Eid kommune 2013-2025 vart vedteken våren 2013 og har gjennom mål og strategiar lagt føringar for arealdelen.

Sentrumsanalysen

I samband med kommuneplanrevisjonen vart det utarbeidd ei sentrumsanalyse for Nordfjordeid. Denne vart utarbeidd av Asplan Viak som var tilstade på Nordfjordeid ei heil veke i oktober 2013.

Formålet med sentrumsanalysen var å få svar på korleis vi kan skape eit meir levande sentrum. Det var difor viktig at sentrumsanalysen vart utarbeidd i tett dialog med innbyggjarane i Eid kommune. Eit blikk utanfrå var og viktig for å få litt andre perspektiv inn i dette arbeidet og å skape ein debatt om korleis Nordfjordeid sentrum skal utviklast i framtida. Sentrumsanalysen er presentert i form av tre plansjar som skal vere eit hjelpemiddel for å styre i den retninga som vil gi eit meir levande sentrum.

Målet er å skape eit meir levande sentrum med meir aktivitet i «uterommet». Sentrumsanalysen syner kvar det er potensiale for å bygge på noko bra, eller utvikle noko nytt.

Sogn og Fjordane fylkeskommune var med og støtta arbeidet med sentrumsanalysen.

Planforum

Eid kommune har hatt tre møter med planforum for å avklare ulike problemstillingar med overordna myndigheiter på eit tidleg stadium i prosessen. I siste møtet, 21. januar 2014, deltok planforum på synfaring for ein del av dei framtidige byggeområda.

Utforming av arealdelen

Arbeidet med utforming av arealdelen har vore omfattande då ny plan- og bygningslov har kravd omfattande oppdateringar ved revisjon av plankartet og føresegnene. Planen er tilpassa nye målsetjingar og strategiar for utvikling og fleire innspel er innarbeidd. Det er utarbeidd både planomtale og konsekvensutgreiing i tråd med ny plan- og bygningslov.

Tidlegare registreringar av strandsone og kjerneområde landbruk er framleis knytt til arealdelen og nytta i vurdering av ulike innspel.

Både sentrumsanalysen, registrering av barnehagane og skulane sin arealbruk og barnetråkk vil ha betyding for framtidig utvikling etter arealdelen.

Politisk handsaming av arealdelen, før første offentleg ettersyn

Formannskapet og samfunnsutviklingsutvalet deltok i ein arbeidsverkstad i desember 2013 for å diskutere laust rundt endringane som administrasjonen hadde lagt opp til.

Innstillinga frå rådmannen vart lagt fram som politisk sak for formannskapet i møtet 20. mars 2014. Handsaminga av saka vart utsett til 10. april 2014. Det vart lagt fram ny innstilling frå rådmannen til dette møtet. I møtet 10. april bestilte formannskapet eit notat knytt til konsekvensar ved å ikkje endre arealbruken i tre område. Formannskapet vedtok å legge framlegg til arealdel ut til offentleg ettersyn i møtet 30. april 2014.

Første offentlege ettersyn

Framlegg til kommuneplanen sin arealdel vart lagt ut til første offentlege ettersyn frå 28. mai til 1. august 2014. I samband med dette vart det arrangert seks orienteringsmøte om innhaldet i arealdelen og vidare prosess før endeleg vedtak. Etter uttale frå Fylkesmannen vart

konsekvensutgreiinga oppdatert, og fristen for å kome med uttale til planframlegget vart utsett til 1. oktober 2014.

Politisk handsaming av arealdelen, før andre offentleg ettersyn

Eid kommune inviterte til informasjonsmøte om nytt planframlegg 5. mars 2015, denne presentasjonen var basert på rådmannen si innstilling. Dette vart gjort for å gje folk høve til å seie si meining om planframlegget før politisk handsaming av planframlegget til andre offentlege ettersyn, slik at eventuelle nye område vart med i andre offentlege ettersyn.

Innstillinga frå rådmannen vart lagt fram som politisk sak for formannskapet i møtet 19. mars 2015.

Formannskapet fekk lagt fram tilleggsnotat med innkomne merknadar, frå 5. mars til 19. mars, til politisk behandling av planframlegget. Formannskapet vedtok å legge framlegg til arealdel ut til andre offentleg ettersyn i møtet 19. mars 2015.

Andre offentlege ettersyn

Oppdatert framlegg til kommuneplanen sin arealdel vart lagt ut til andre offentlege ettersyn frå 25. mars til 7. mai 2015.

Fylkesmannen og Statens vegvesen fremja motsegn til kommuneplanen sin arealdel. Fylkesmannen fråfall motsegnene til arealdelen etter oppdatering av planframlegget. Statens vegvesen fråfall ikkje motsegna til arealdelen.

Politisk handsaming av arealdelen, etter andre offentleg ettersyn

Innstillinga frå rådmannen vart lagt fram som politisk sak for formannskapet i møtet 28. mai 2015. Formannskapet fekk lagt fram tilleggsnotat med oppdatering av status for motsegner i møtet.

I møtet 4. juni 2015 vedtok kommunestyret vedtok arealdelen, med unntak av vegtrase for bru Lote – Anda, som Statens vegvesen hadde motsegn til. Arealdelen er juridisk bindande med unntak av vegtrase for bru Lote – Anda som framleis er uavklart.

Etter vedteken arealdel

Når arealdelen er vedteken vil det vere høve til å søke om løyve til å bygge eller dele frå i tråd med dei arealformåla som ligger inne i planen. I ein del område vil det vere krav om detaljregulering før slike løyve kan bli gitt.

Etter denne revisjonen har vi oppdatert arealdelen på mange område. Vi kan likevel ikkje ta høgde for alt som kan skje framover. Til dømes kan nye eigarforhold og nye planar for utvikling føre til behov for tiltak som ikkje er i tråd med arealdelen.

For tiltakshavar vil det alltid vere høve til å søke om dispensasjon frå arealformål eller føresegner til arealdelen.

Ved større prosjekt som ikkje er i tråd med arealdelen, vil det vere høve for private aktørar å fremje privat forslag til detaljreguleringsplan. Det kan då bli stilt krav om planprogram og konsekvensutgreiing, for å avklare eventuelle ulike interesser i området og forhold knytt til samfunnstryggleik.

2. Overordna rammer

I samfunnsdelen legg kommunen rammer for kva utvikling som er ynskjeleg, medan ein i arealdelen legg til rette for at denne utviklinga kan skje. I arbeidet med framtidig arealdisponering må kommunen ta omsyn til mål og retningslinjer utforma av andre som har offentleg mynde på nasjonalt og regionalt nivå. I tillegg til andre kommunar er det 21 offentlege instansar som på ulikt grunnlag kan fremme motsegn mot kommunen sin arealdel dersom dei meiner at viktige interesser ikkje er ivaretekne i arealdelen. Planomtalen syner korleis ulike interesser er ivaretatt og vektlagt i det endelege framlegget til arealdel, sjå kapittel 4.

2.1. Plan- og bygningslova

Kommunen har heimel i plan- og bygningslova til å vedta arealdelen som legg føringar for bruk og vern av areal, innan kommunen sitt geografiske område. Ved denne revisjonen er arealdelen oppdatert i tråd med ny plan- og bygningslov (pbl) (plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71.). Det er gitt utfyllande føringar for innhaldet i arealdelen i pbl § 11-5 andre og tredje ledd:

«Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt».

«Plankartet skal i nødvendig utstrekning vise hovedformål og hensynssoner for bruk og vern av arealer.»

Planlegging etter plan- og bygningslova sikrar samordning mellom statlege, regionale og kommunale oppgåver. I arealdelen vart det lagt føringar for framtidig arealbruk gjennom føringar for reguleringsplanarbeid, frådelingssaker og byggesakshandsaming.

Under er ei oversikt over dei viktigaste endringane i arealdelen, med bakgrunn i endringar i plan- og bygningslova:

- Oppdatering til nye arealformål.
- Bruk av omsynssoner i plankartet for å ivareta viktige omsyn ved endra arealbruk.
- Tidlegare kommunale vedtekter er lagt inn i føresegnene.

Gjennom ny plan- og bygningslov har kommunen fått eit særleg ansvar for å legge til rette for medverknad i planprosessane.

2.2. Lokale føringar

Arealdelen skal syne samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det inneber at måla i kommuneplanen sin samfunnsdel, vedteken av Eid kommunestyre 20. juni 2013, må følgjast opp gjennom framtidig arealdisponering i kommuneplanen sin arealdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2025 har følgjande tematiske oppbygging og mål:

Å bu i Eid – Eid inviterer til å bu midt i Nordfjord

Innbyggjarane i Eid skal ynskje å bli buande og innflyttarane skal kjenne seg velkomne.

Folketalet i Eid skal auke med 15 % til 2025.

Å vekse opp i Eid – Eid inviterer til oppvekst i trygge og utviklende omgjevnader

Barn og unge skal få nytte og utvikle evnene sine i ein trygg oppvekst med rom for alle. Barn og unge i Eid skal bli sjølvstendige menneske med god fysisk og psykisk helse. Eid kommune skal hjelpe barn og unge til å meistre viktige utviklingsoppgåver, både fysisk, sosialt og kognitivt.

Å ha sitt helse- og omsorgstilbod i Eid – Eid inviterer til førebyggjande aktivitetar og andre helse- og omsorgstilbod

Innbyggerane skal oppleve livsmeistring og livskvalitet, og i størst mogeleg grad vere aktive, ta ansvar sjølve og kunne meistre vanskelege livssituasjonar

Å arbeide eller drive næring i Eid – Eid inviterer til innovativt næringsliv og stor arbeidsmarknadsregion

Næringsdrivande skal oppleve at det er lett å utvikle og etablere verksemder i Eid. Kultur som næring skal vere ei merkevare for Eid, og vi skal ha ei sentrumsutvikling som styrkar Eid sin attraktivitet i regionen.

Eid skal ha 400 fleire arbeidsplassar innan 2025.

Å tilbringe aktiv fritid i Eid – Eid inviterer til mangfaldig fritidstilbod for både fastbuande og besøkande

Kommune, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar skal samarbeide om å utvikle fritidsaktivitetar, tilpassa dei ulike livsfasane, innan kultur, idrett og friluftsliv. Eldsjelene skal ha gode vilkår i Eid. Vi skal ha eit sentrum med kvalitetar og tilbod som er attraktive både for fastbuande og besøkande

Eid kommune som organisasjon – Eid inviterer til ein imøtekomande kommune

Eid kommune, gjennom medarbeidarane, skal ta godt imot og ha ein ryddig og god tone med personar som tar kontakt med kommunen. Rollene og ansvarsforholda til dei ulike avdelingane skal vere tydelege og kommuniserte både internt i organisasjonen og ut til innbyggerane. Eid kommune skal ha stolte medarbeidarar som jobbar i ein organisasjon, er motiverte og trivast på jobb. Eid kommune skal følgje opp og gjere det vi seier vi skal gjere.

Samfunnsdelen framhevar tre tverrfaglege tema, som skal integrerast i alt vi gjer:

Berekraftig utvikling

Eid kommune ønskjer å ha ein god miljøprofil og ser det som viktig å tilpasse samfunnet til komande klimautfordringar for å redusere sårbarheita i samfunnet vårt.

Folkehelse

Eid kommune ynskjer å ha eit heilskapleg fokus på faktorane som har innverknad på helse med tiltak i alle sektorar for å kunne skape gode oppvekst- og levekår. Kommunen ynskjer å legge til

rette for sunne levevanar og fremje fellesskap, tryggleik og deltaking i lokalmiljøet

Kultur

Eid kommune ynskjer å spele på kulturressursane som vi har i samfunnet og bidra til å vidareutvikle desse fordi vi ser at kultur er viktig for livskvalitet og identitet

2.3. Nasjonale føringar

Statlege myndigheiter gir føringar for kommunal planlegging for å sikre ulike omsyn i den lokale forvaltninga. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ansvar for å samordne dei statlege forventningane til kommunen.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

I dette dokumentet² er regjeringa sine forventningar til kommunal planlegging samla. Forventningane er delt inn i ulike tema:

- Klima og energi
- By- og tettstadsutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Statlege planretningslinjer

Desse vert nytta av regjeringa for å konkretisere nasjonale forventningar og tydeleggjere nasjonal politikk på viktige område i planlegginga. Desse har same funksjon som tidlegare Rikspolitiske retningslinjer hadde. Rikspolitiske retningslinjer som ikkje er erstatta av nyare statlege planretningslinjer, gir framleis føringar for arealplanlegging.

I tillegg vert det gitt ut retningslinjer for korleis ulike omsyn skal i varetakast ved planlegging og utbygging av nye områder. Desse vert gitt ut av offentlege myndigheiter med særskilt kompetanse for ulike fagfelt.

Andre lover og forskrifter

I tillegg til plan- og bygningslova er det fleire lover som har betydning for korleis bruk og vern av areal skal prioriterast. Lovene er følgt opp av forskrifter som kan få betydning for handsaming av, og vurderingar i framtidige reguleringsplanar, delingssaker og byggesaker.

Forskrift om konsekvensutgreiingar legg føringar for korleis det skal gjennomførast vurdering av dei ulike områda og strategiane i arealdelen. Kart- og planforskrifta gir mellom anna føringar for digitalisering av arealplanar i samband med digitalt planregister.

² Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Vedtatt ved kongelig resolusjon 24. juni 2011.

Rundskriv

Statlege myndigheiter nyttar rundskriv for å orientere om korleis lover og forskrifter skal tolkast i arealforvaltninga.

Rettleiarar

Rettleiarar gir ei meir utfyllande framgangsmåte for prosessar og vurderingar med konkrete dømer.

2.4. Føringar og samhandling – regionalt nivå

Fylkeskommunen ved fylkestinget vedtar regionale planar for utvikling der kommunane har ei viktig rolle i å følgje opp for å få ei god utvikling for heile regionen. Det er difor viktig at kommunen sine innspel til regionale planar, der innspela inneber endring av arealformål, kjem med i kommunen sin arealdel. I hovudsak vert regionale planar følgt opp gjennom kommunen sine egne kommunedelplanar for ulike tema.

3. Utvikling og endring av arealdisponeringa

Under er det gitt ei oversikt over utvikling innanfor dei ulike hovudtemaa i kommuneplanen sin samfunnsdel. Oppvekst, helse og omsorg vert dekkja innanfor arealformål knytt til kategoriane som er omtalt under; bu, næring og fritid, og vert difor ikkje omtala spesielt.

3.1. Bu i Eid



Kjelde: SSB³ og Eid kommune sin samfunnsdel 2013-2025

3.1.1. Utvikling i planperioden

Eid kommune sin samfunnsplan for perioden 2005-2016, vedteken i mars 2006, hadde slike mål for bustadbygginga i kommunen:

- Open til spreidd utbygging i tilknytning til anna busetnad
- Open til privat bustadplanlegging
- Variert bustadtilbod i sentrum
- Sentrumsnære bustadfelt
- Nytt liv på gamle buplassar/gardsbruk
- Ta omsyn til kostnad for infrastruktur ved planlegging av nye buområde
- Oppretthalde desentralisert skulestruktur

I planperioden er det gitt ferdigattest/bruksløyve til i alt 253 bueiningar, derav 132 einebustadar. Dette samsvarar med auka privat utbygging av leilegheiter på Nordfjordeid. Dømer på dette er Lunden, Messehagen, Tingvoll 1 og 2 og Myklebusttunet. Det ligg føre planar for fortetta utbygging av leilegheiter både for Alleen, Postvegen og Moengården Vest.

Auka utbygging av leilegheiter på Nordfjordeid har ført til ei større omsetjing av "eldre" einebustadar i kommunen enn i tidlegare periodar, fordi fleire flyttar frå einebustadar i heile kommunen.

Reguleringsplanar og bustadtomter

Tabellen under syner disponibel kapasitet og status/endring for område som var eller har vore regulert og der reguleringsplanarbeid er starta opp i denne planperioden (2006-2014).

BUSTADAREAL				
Område	Forslagsstiller til reguleringsplan	Status reguleringsplan	Disponibel kapasitet	Status/ Endring
<i>Planar som har blitt vedtekne eller er under utarbeiding i siste planperiode (2006-2014), og status på omsetning av desse i planperioden.</i>				
Kjølisdalen, Gilleshammer	Privat plan	Reguleringsplan vedteken i 2010.	Til saman 8 bueiningar	3 under utbygging/utbygd
Kjølisdalen	Eid kommune	Reguleringsplan,	Til saman 19	Dei nye tomtene er ikkje

³ Første del av figuren er basert på tal frå www.ssb.no Tabell: 01222: Folkemengd og kvartalsvise endringar (K), Folketal ved utgangen av fjerde kvartal.

		første del vedteken i 1979, utviding i 2010.	tomter i nytt felt, og 2 tomter i gamalt felt	byggeklare grunna manglande interesse.
Stårheim, utviding av Torvik bustadfelt	Eid kommune	Planarbeid med utviding av Torvik bustadfelt starta opp i 2013.	Planområdet er om lag 40 daa.	Lite tilgjengelege bustadtomter elles.
Nordfjordeid, Indre Skårhaug	Privat plan	Reguleringsplan vedteken i 2010.	Til saman om lag 70 einebustadtomter og 19 daa til konsentrert utbygging.	Ikkje i gang sett
Nordfjordeid, Golvsengane	Eid kommune	Reguleringsplan vedteken i 2008.	4 kommunale tomter, 1 privat tomt og 12,2 daa til konsentrert utbygging er ledig	Til saman 26 tomter, der 6 tomter har blitt selde privat og 4 tomter har blitt seld privat før vedteken plan.
Nordfjordeid, Hogaåsen/Langelandsåsen	Eid kommune	Reguleringsplan vedteken i 2009.	Om lag 160 einebustadtomter og 44 daa til konsentrert utbygging	Oppstart utbygging 2014/2015
Hjelle, Fossebakken	Privat plan	Reguleringsplan, første del vedteken i 2002, utvida med 10 tomter i 2010.	8 ledige tomter	Første del er ferdig utbygd, det er selt 2 tomter av den nye delen.
Hjelle, Mogrenda	Privat plan	Planarbeidet starta opp.	29 daa	Omfattande krav i tilknytning til støysone knytt til skytebane til Firda kaserne.
Holmøyane	Privat plan	Reguleringsplan vedteken i 2010.	Til saman 8 ledige tomter	2 tomter er seld.

Til saman er det i siste planperiode regulert omlag 300 einebustadtomter i Eid kommune. Av desse er omlag 280 ledige, men berre 30 av desse er byggeklare. Av dei byggeklare tomtene er det berre fire som er kommunale.

I tillegg til einebustadtomtene er det regulert omlag 75 dekar til fortetta utbygging (leilegheiter og rekkjehus) på Skårhaug, Golvsengane og Hogaåsen/Langelandsåsen. Av dette arealet er 56 dekar i kommunalt eige, derav 12 dekar er byggeklart.


Frådeling i LNF-område

Det er totalt 538 landbrukseigedomar i Eid, av desse har 441 bustad og busetting. I LNF område er det delt frå 17 tomter til bustadhus i perioden 2007 – 2013. I tillegg er det utført sju andre frådelingar som t.d. leikeareal, tilleggsareal til bustadtomt, veggrunn m.m.

Fem bustader med ei større tomt, har vore skilt frå landbrukseigedomen og blitt sjølvstendige bustadeigedomar. Det er bygt fire hus nummer to på større landbrukseigedomar med drift.

Folketalsutvikling

Tabellen under syner folketalsutviklinga i dei ulike krinsane i Eid kommune. Nordfjordeid krins er delt i ein med sentrum og ein utan sentrum for å få fram korleis folketalsutviklinga har vore for Nordfjordeid.



Kjelde: SSB⁴

Dei fleste av innbyggjarane i Eid kommune bur i kommunesenteret, som har den største auken i folketal i planperioden. Også Stårheim krins har ei positiv utvikling av folketal i planperioden. Dei andre krinsane har tilbakegang i folketal. Hjelle krins har størst tilbakegang, etterfølgt av Kjølisdalen krins.

3.1.2. Framtidig utvikling

I tabellen under er det gitt eit oversyn over strategiar frå samfunnsdelen, som legg føringar for bruk og vern av areal, og korleis desse konkret er følgt opp i arealdelen.

Strategi	Oppfølging i arealdelen
Eid kommune som samfunnsutviklar	
1.3. Sikre tilgang på ledige tomter i alle krinsane	Det er ledig bustadareal enten i form av regulerte tomter eller som nye utbyggingsområde avsett i arealdelen, jf. plankart.
1.7. Syte for variasjon i bustadmarknaden	Det er lagt inn føresegner for å sikre fortetta utbygging som til dømes leilegheiter, og føresegner

⁴ www.ssb.no Tabell: 04317: Folkemengd, etter grunnkrets (G). Følgjande grunnkretsar er rekna som Nordfjordeid krins – sentrum: Skårhaug, Myrøldhaug/Langeland/Stokkenæs, Lunden/Gjerde/Osnes, Nordfjordeid, Myklebust og Myklebuståsen. Oversikt over inndeling av grunnkretsar er å finne på www.fylkesatlas.no.

	for å sikre universell utforming.
2.3. Sikre at barn og unge i størst mogeleg grad kan gå eller sykle til skulen gjennom å påverke utbygginga av trygge skuleveggar	Det er lagt inn samanhengande gang- og sykkelsti på aksen aust vest langs hovudvegen gjennom heile kommunen. I tillegg er det lagt inn gang- og sykkelsti langs dei mest trafikkerte vegane der barn og unge må gå frå bustadområde til skulen eller skuleskyss. Sjå plankartet og føresegne.
2.4. Stimulere til anleggsutvikling som skaper fysisk aktivitet, med fokus på anlegg i nærleiken av skulane og bustadområde	Dette skjer i stor grad gjennom kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet. I arealdelen er områda frå denne planen som krev endra arealformål, lagt inn med nytt arealformål i plankartet.
Eid kommune som forvaltar	
1.8. Planlegge areal for ny spreidd bustadbygging i landbruks-, natur-, og friluftsområde i tilknytning til anna busetnad og infrastruktur	Område for spreidd bustadbygging er i plankartet avgrensa slik at dei i større grad er tilknytt anna busetnad og infrastruktur.
1.11. Planlegge fortetta utnytting av areal i sentrum	Arealdelen legg til rette for høgare utnyttingsgrad i sentrum gjennom føresegnene. Ved endring av reguleringsplanar i desse områda vil minimum BYA bli lagt inn for å følgje opp dette.
1.12. Ta vare på det kulturhistoriske særpreget i Eidsgata og Tverrgata	Vidarefører vern av kulturmiljø med bygningar og gravhaugar i sentrum gjennom reguleringsplan.
1.13. Ta omsyn til klimautfordringar ved bustadbygging	Dette inngår i KU og ROS, samt i føresegnene, med krav om å ta omsyn til føringar i kommunedelplan for klima og miljø.
2.5. Planlegge kontakt mellom naturområde og barnehage og skule	Det skal takast omsyn til registrering av barnehagane og skulane sin arealbruk i framtidig reguleringsplanarbeid.
2.6. Planlegge gang- og sykkelveggar frå bustadområde til skule	Det lagt inn gang- og sykkelsti langs dei mest trafikkerte vegane der barn og unge må gå frå bustadområde til skulen eller skuleskyss, sjå plankart. I tillegg er det tatt med i føresegnene at omsynet til trygg skuleveg skal vektleggast.
2.7. Sikre areal for eventuelle endringar i barnehage- og skulestruktur	Barnehagane og skulane ligg i regulerte område.
3.5. Planlegge lokalisering av heildøgn-omsorgstenester sentralt i kommunen	Området på Myroldhaug er under regulering til offentleg tenesteyting. Og vert difor lagt inn som dette formålet i plankartet.
Eid kommune som tenesteytar	
1.14. Tilby kommunale bustadtomter for sal når behovet ikkje vert stetta av private aktørar	Dette inneber at kommunen går inn og regulerer bustadareal der private aktørar ikkje gjer det. Handlar om kommunen sin praksis og er difor ikkje synleggjort i plankartet.
1.15. Syte for optimal infrastruktur i nye kommunale bustadfelt	Det er stilt krav om utbyggingsplan i føresegnene.
1.18. Syte for trygge og funksjonelle kommunale veggar.	Denne strategien vert i hovudsak følgt opp gjennom kommunedelplan for veg og trafiktrygging og

	kommunaltekniske normer for veg. Nye vegtrasear vert lagt inn i plankartet, medan endringar på veg følj normer for kommunaltekniske anlegg, jf. føresegner.
--	---

Analyser av bustadsituasjonen

Bustadsosial handlingsplan for perioden 2013-2023 vart vedteken 30.05.2013, KS-sak 048/13. Der er gjort vurdering av bustadsituasjonen som syner at Eid kommune treng fleire mindre husvære til utleie. Dette kjem og fram i NIBR sin rapport om bustadpreferansar i distrikta⁵. I bustadsosial handlingsplan går det også fram av arealoversyn at der er disponibelt areal i sentrum som kan nyttast til bygging av kommunale utleigebustader, men lite av dette er i kommunalt eige.

I sentrumsanalysen, utarbeidd av Asplan Viak i samband med revisjonen av arealdelen, kjem det fram at for å få eit levande sentrum må ein fortette sentrum, då det er tettleik av folk som skapar liv.

3.1.3. Samandrag av hovudendringar i arealdelen

For å få optimal utbygging av infrastruktur i bustadfelt og mellom bustadfelt og skule, må område for bustadfelt konsentrerast. Nærleik til skule og gang- og sykkelsti hatt betydning ved plassering av nye bustadområde. I Kjølisdalen er det lagt opp til fortetting i eksisterande byggeområde og vidare utbygging av einebustadar i regulerte bustadfelt. På Stårheim er det området rundt eksisterande bustadfelt i Torvik som vert prioritert. For Haugen vil utviding av eksisterande bustadfelt på Løkjaneset, fortetting i området ved skulen og område på Ryssta og Lid bli prioritert som framtidige bustadområde. På Hjelle er nye areal for bustad konsentrert rundt eksisterande busetnad ved skulen.

I spreiddbygde område er dei aller fleste bustadhus dekkja av LNF-område med høve til spreidd bustadbygging. I dei delane av kommunen som ligg lengst frå skulane, er desse områda ofte kombinert med høve til både nærings- og fritidsformål. Bakgrunnen for endringa i arealdelen i desse områda, er å sikre at tiltak på eksisterande bustadeigedomar skal kunne utførast utan at tiltakshavar må søke om dispensasjon frå arealformålet i arealdelen.

For Nordfjardeid er det lagt vekt på fortetting, gjennom utnyttingsgrad i føresegnene. For å få dekkja ulike bustadbehov og samtidig skape eit meir levande sentrum, vil fortetting med utvikling av fleire større bueiningar med fleire leilegheiter i sentrum vere vegen å gå. Område i Lunden er lagt inn som framtidig bustadområde. Område på Gjerde som i dag er sett av til bustadformål i reguleringsplan for Lunden, er lagt inn som framtidig offentleg bustadområde, då det er viktig å sikre ei god utnytting ved utbygging i dette området.

3.2. Arbeide/drive næring i Eid



⁵ NIBR-rapport 2014:1. Boligpreferanser i distriktene.

3.2.1. Utvikling i planperioden

Samfunnsplanen for perioden 2005-2016 hadde mellom anna slike mål for næringsutviklinga i kommunen:

- Å ha eit oppdatert plangrunnlag
- Å ha tilgjengeleg areal for å sikre vidareutviklinga av næringslivet i kommunen
- Nødvendig infrastruktur for næringsverksemdene

Sysselsatte personar med arbeidsstad i Eid har gått tilbake med over 100 personar frå 31.12.08 til 31.12.13. Status i dag er 2807 sysselsatte med arbeidsstad i Eid kommune.

Reguleringsplanar og næringsareal

Tabellen under syner disponibel kapasitet og status/ending for område som var eller har blitt regulert og der reguleringsplanarbeid er starta opp i denne planperioden (2006-2014).

NÆRINGSAREAL				
Område	Forslagsstiller til reguleringsplan	Status reguleringsplan	Disponibel kapasitet	Status/ ending
<i>Planar som har blitt vedtekne eller er under utarbeiding i siste planperiode (2006-2014), og status på omsetning av desse i planperioden.</i>				
Nordfjordeid, Nordøyrane sør for Fargarelva	Eid kommune	Reguleringsplan vedteken i 2009		Heile næringsområdet på 22 dekar er seld til Moengården Vest AS som førebur utbygging, med byggestart våren 2014
Nordfjordeid, Skaffarmarka/ Lunden	Eid Industrihus AS	Reguleringsplan vedteken i 2010		Til saman 21 dekar næringsareal. Ein del av området er bygd ut, resten er seld til Mosnor AS
Nordfjordeid, Myklebust/Stokkenes (Stokkenes næringspark)	Eid kommune	Reguleringsplan vedteken i 2010	37 dekar næringsareal.	Eid Industrihus står for omsetjing av området. Der er interessentar til 15-20 daa.
Nordfjordeid, Sørøyrane	Eid kommune	Reguleringsplan vedteken 2006. Privat detaljreguleringsplan for området "Meieritomta" vedteken i 2011.		Området er eigd av ulike selskap. Eid kommune eig Eid Godsterminal og gjestehamna her. Det er store muligheter for utvikling av området . Krevjande å utvikle området all den tid det er så mange aktørar som eig deler av eksisterande bygningsmasse.

⁶ Første del av figuren er basert på tal frå www.ssb.no Tabell: 01222: Folkemengd og kvartalsvise endringar (K), Folketal ved utgangen av fjerde kvartal.

Nordfjordeid, Øyane/Malakoff	Eid kommune	Reguleringsplan vedteken i 2010.		Lite disponibelt areal, men muligheit for fortetting/utvikling av eksisterande næringsseigedomar. Det meste her er i privat eige.
Nordfjordeid, Langeland Industriområde	Eid Industrihus KF	Området her er under regulering	Her vil det bli om lag 2 daa disponibelt næringsareal.	
Haugen, gbnr. 38/104 Løviknes	Privat plan	Reguleringsplan vedteken i 2009	7 dekar næringsareal.	

Eid kommune, ved Eid kommune og Eid Industrihus, har regulert 82 dekar med næringsareal i siste planperiode. Av desse er 43 dekar seld medan 39 dekar framleis er disponibelt. Av det disponible arealet er det interessentar til 15-20 dekar.

I tillegg har Eid kommune selt 40 dekar av det næringsarealet som var regulert ved inngangen til planperioden. Samla er det omsett 83 dekar kommunalt næringsareal.

Private aktørar har seld 12 dekar næringsareal som var regulert ved inngangen av planperioden. Det er 35 dekar disponibelt areal i privat eige.

Landbruket

Landbruket i Eid kommune er i hovudsak basert på mjølk- og kjøttproduksjon på storfe, kjøttproduksjon på sau og eggproduksjon. Mjølkekvota har auka med 6,3 % frå 2008 – 2013 (7 480 052 l). Det er 82 eigedomar med mjølkekvote av totalt 538 landbrukseigedomar i Eid.

I perioden 2007 - 2013 har det vore fleire større utbyggingar. Hønsehus, samdrifter med mjølkerobot og einskild bønder med mjølkerobot. I 2007 var det 200 som søkte produksjonstilskot, i 2013 var det 172. Av dei 172 som søker produksjonstilskot er det 9 samdrifter i kommunen. Av dei resterande 163 er 16 av søkjarane deltakarar i samdrifter, men har eigen produksjon i tillegg. Utviklinga går i retning av færre bruk med større produksjon.

I einskilde område i kommunen er det stor rift om jordbruksarealet og viktig å ta vare på det produktive arealet. Dette gjeld spesielt i område med mange produsentar og høg aktivitet.

Frå 2007 til og med 2012 er det omdisponert⁷ 244 dyrka eller dyrkbar jord, nesten alt var dyrka jord. Av dette er 28 dekar dyrka jord og 13 dekar dyrkbar jord omdisponert etter jordlova og 195 dekar dyrka jord og 8 dekar dyrkbar jord etter plan- og bygningslova.

Potensialet for nydyrking⁸ er avhengig av om jorda er dyrkbar. I Eid er det til saman 5156 dekar⁹ som er kategorisert som dyrkbar jord. Av dette er 42% skog, 30% myr, 19% anna jorddekt fastmark og 9%

⁷ www.ssb.no Tabell: 06194: Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord etter jordloven og plan- og bygningsloven (K). «Omdisponering av dyrka mark skjer ved at kommunen vedtar planer etter plan- og bygningsloven om at arealet skal brukes til annet enn landbruk» (Kjelde: Landbruksdirektoratet www.slf.dep.no).

⁸ Informasjon om dyrkbar jord er å finne på <http://kilden.skogoglandskap.no/>

innmarksbeite. Nesten alt arealet er klassifisert som lettbrukt og over 70% av arealet ligg under fem meter frå dyrka mark eller veg.

Kostnaden ved opparbeiding av areal til nydyrking er ei investering som må lønne seg gjennom drift i etterkant. Utfordringa vil truleg vere knytt til forskjellen mellom å eige eller å leige ressursgrunnet for landbruksproduksjonen.

Frådeling i LNF-område

Det er skilt frå eitt næringsareal i LNF området i perioden 2007 – 2013, utanom det som er regulert i plan.

3.2.2. Framtidig utvikling

I tabellen under er det gitt eit oversyn over strategiar frå samfunnsdelen, som legg føringar for bruk og vern av areal, og korleis desse konkret er følgt opp i arealdelen.

Strategi	Oppfølging i arealdelen
Eid kommune som samfunnsutviklar	
4.7. Arbeide for gode pendlingsforhold inn og ut av kommunen, med fokus på bru Lote-Anda	Arbeid med kommunedelplan for å legge til rette for bru over Lote-Anda er starta opp. Området for bru og eventuelt tunnellinislag på Lotesida er tatt med i plankartet.
4.13. Arbeide for at forretningane i Eidsgata har ei god tilknytning til Sjøgata	I føresegnene er det tatt med krav om at dette vert løyst ved endringar i gjeldande reguleringsplanar.
4.14. Sikre næringsareal i tilknytning til hovudferdselsårer	Det er sett av større område for næring i tilknytning til hovudferdselsårer, sjå plankart.
4.15. Støtte opp om utvikling av Harpefossen skisenter/hyttearend	Det er sett av areal slik at Harpefossen kan utvide sin aktivitet i området, sjå plankartet.
Eid kommune som forvaltar	
4.20. I størst mogeleg grad lokalisere nytt næringsareal i tilknytning til eksisterande næringsareal, infrastruktur og hovudferdselsårer	Det er sett av større område for næring i tilknytning til eksisterande næringsareal, infrastruktur og hovudferdselsårer, sjå plankart.
4.21. Lokalisere detaljhandelen med tyngdepunkt i Eidsgata og Sjøgata	Det er ikkje lagt ut nye område til detaljhandel. Sentrumsanalysen peikar på behov for fortetting.
4.22. Knyte saman Eidsgata og Sjøgata ved å sikre korridorar og kommunikasjon mellom gatene gjennom planlegging	I føresegnene er det tatt med krav om at dette vert løyst ved endringar i gjeldande reguleringsplanar.
4.23. Ta omsyn til landbruksnæringa gjennom å sikre lett drivne, større og samanhengande landbruksareal i arealforvaltninga	LNF-område med høve til spreidd bebyggelse er avgrensa. Nye byggeområde er lagt inntil eksisterande bebyggelse.

3.2.3. Samandrag av hovudendringar i arealdelen

Det er lagt vekt på å lokalisere framtidig næringsverksemd i tilknytning til eksisterande næringsareal, infrastruktur og hovudferdselsårer. I Kjølisdalen krins er det ikkje lagt inn nye større næringsareal

⁹ Data er henta frå Bioforsk Rapport Vol. 8 Nr. 151 2013, "Grunnlag for prioritering av områder til nydyrking"

[http://www.bioforsk.no/ikbViewer/Content/107808/Bioforsk%20RAPPORT%20%20\(151\).pdf](http://www.bioforsk.no/ikbViewer/Content/107808/Bioforsk%20RAPPORT%20%20(151).pdf)

utover det som er regulert; Lefdal gruve og det som er vidareført; Årdalsvika. I Stårheim krins er det ikkje lagt inn nye større næringsareal utover område til råstoffutvinning på Lund. I Haugen krins er det lagt inn eit kombinert bustad og næringsareal i tilknytning til eksisterande næringsområde. I Nordfjordeid krins er det lagt til nytt næringsareal på Stokkens i tilknytning til eksisterande næringsareal. I Hjelle krins er det lagt til eit større næringsareal på Nor og to større område for råstoffutvinning i Vedvikmona. Etter innspel er det lagt inn mindre område for turist- og fritidsformål og råstoffutvinning ulike stadar i kommunen.

I spreiddbygde område er det høve til å etablere næring i ein god del av LNF-områda med kombinert formål.

3.3. Fritid i Eid

Fritid omfattar både fritidsbustadar og område for aktivitet og rekreasjon.

3.3.1. Utvikling i planperioden

Gjennom offentleg eige eller bruksavtale har Eid kommune råderett over og driftsansvar for om lag 100 dekar friluftsområde. Størstedelen av område som vert nytta til friluftformål er i privat eige, det er likevel rett til allmenn ferdsel. I tettbygde område er det i alt tolv leike- og rekreasjonsområde, desse har eit samla areal på 25 dekar. Kommunen har ansvar for tre rekreasjons- og friluftsområde, etter prinsipp om universell utforming.

Det er tilrettelagt om lag 420 km med turvegar, turstigar og løyper til sommarbruk. Av dette har kommunen ansvar for om lag to kilometer. Om vinteren er det 27 km som er planlagt maskinpreparert, gitt normale snøforhold.

Frådeling i LNF-område

I perioden 2007 – 2013 er det delt frå om lag 25 fritidstomter i LNF område, der vel halvparten er frådelte festetomtar, dette slår spesielt ut i Stigedalen.

3.3.2. Framtidig utvikling

I tabellen under er det gitt eit oversyn over strategiar frå samfunnsdelen, som legg føringar for bruk og vern av areal, og korleis desse konkret er følgt opp i arealdelen.

Strategi	Oppfølging i arealdelen
Eid kommune som samfunnsutviklar	
5.1. Bidra til utvikling av eit levande sentrum	Det er sett høgare utnyttingsgrad gjennom føresegnene . I tillegg er sentrumsanalysen utarbeidd for å gjere andre grep gjennom reguleringsplanar og andre tiltak gjennom handlingsdelen.
5.2. Ta vare på særpreget og sentrumskjensla i Eidsgata	Vidarefører vern av kulturmiljø med bygningar og gravhaugar i sentrum gjennom reguleringsplan.
5.3. Bidra til ei utvikling der bygdene er levande	Gjennom arealdelen er det lagt til rette for moglegheiter for etablering av ulik aktivitet, jf. plankartet.
5.5. Sikre og legge til rette for tilgang til natur- og friluftsopplevingar for allmenta	Det er sikra friluftsområde i tilknytning til tettbygde bustadområde i ulike delar av kommunen, sjå plankart.

Eid kommune som forvaltar	
5.8. Legge til rette for trygge kommunikasjonsårer for gåande og syklende	Det er lagt inn samanhengande gang- og sykkelsti på aksa aust vest langs hovudvegen gjennom heile kommunen. I tillegg er det lagt inn gang- og sykkelsti langs dei mest trafikkerte vegane der barn og unge må gå frå bustadområde til skulen eller skuleskyss. Sjå plankartet.
5.9. Legge til rette for aktiv livsstil og auka friluftsliv ved å knyte saman sentrum og bustadområde med friluftsområde	Dette vert løyst gjennom reguleringsplan.
5.10. Legge til rette for auka bruk av strandsona og fjorden	Det er sikra friluftsområde i tilknytning til tettbygde bustadområde i ulike delar av kommunen. Område får tidlegare strandsonkartlegging er vidareført som omsynssone for friluftsliv. Sjå plankart.
5.11. Planlegge for samordna utbygging av kaier og moloar	Det er lagt inn område for småbåthamn, sjå plankart, med føresegner knytt til samordning.
5.12. Legge til rette for hyttebygging i sjønære område der dette ikkje kolliderer med allmenta sin bruk	Byggeområde i strandsona er vidareført. Det er lagt inn i føresegnene at ein ved bygging skal ta omsyn til allmenta sin bruk.
5.13. Legge til rette for aktiv og berekraftig bruk av naturen	Det er sikra friluftsområde i tilknytning til tettbygde bustadområde i ulike delar av kommunen.
5.14. Verne om naturressursar, kulturminne og særpreg i naturen	Område som er verna gjennom lov om naturvern og lov om kulturminne er lagt inn som bandleggingssoner i plankartet.
5.15. Verne om særpreget på setrane	Setrane er lagt inn som omsynssoner for kulturmiljø i plankartet.
5.16. Legge til rette for hesteaktivitetar	Området aust for hestesenteret er sett av til mellom anna idrettsanlegg. I tillegg er det lagt inn fleire ridestiar på ulike stadar i kommune.
5.17. Sikre friområde i sentrum	Malakoff er lagt inn som friluftsområde. Andre friområde er sikra gjennom reguleringsplanar.
5.18. Planlegge for utvikling av uformelle møteplassar	Dette er mogeleg innanfor alle område.
Eid kommune som tenesteytar	
5.22. Stille lokale til disposisjon for fysisk og kulturell aktivitet	Det er avsett areal til offentleg tenesteyting i reguleringsplanar.

3.3.3. Samandrag av hovudendringar i arealdelen

I tilknytning til område med fortetta bustadutbygging er det sett av friluftsområde i tilknytning til sjø eller vassdrag. Andre område som er nytta til friluftsliv er markert med omsynssone friluftsliv slik at desse interessene vert med i vurderingane for eventuelle tiltak i slike område.

Det er lagt inn samanhengande gang- og sykkelsti, fleire turløyper i tilknytning til elver, turløyper til fjelltoppar og ridestiar mellom ulike område. Dette er gjort for å legge til rette for auka fysisk aktivitet.

Det er sett av større område for hytteutbygging ved Harpefossen. I spreidd bygde område er det høve til å gjere tiltak innanfor fritidsformålet i ein god del av LNF-områda med kombinert formål. I tillegg er stort sett alle setrane og andre mindre hytteområde sett av til LNF-område med spreidde fritidsbygningar.

I sjønære område vil LNF-område med spreidde fritidsbygningar opne for etablering av naust.

3.4. Oversyn over endring innan ulike arealformål

Alt areal i kommunen må ha eit arealformål enten gjennom arealdelen eller gjennom reguleringsplan. Arealformålet legg føringar for kva tiltak¹⁰ som kan utførast og ikkje. Hovudsakleg er det eksisterande bruk som har betydning for kva arealformål dei ulike områda har. Basert på innkomne innspel og prioriteringar i kommunen, er det og vidareført og lagt inn framtidige arealformål for ein del område i kommunen. Det er fleire område som har endra status frå framtidig til eksisterande arealformål under denne revisjonen.

Etter plan- og bygningslova er arealformåla delt inn i seks hovudkategoriar. Kvar hovudkategori har fleire underkategoriar som kan nyttast for å spesifisere eksisterande eller avgrense framtidig arealbruk i dei enkelte områda. Endringar innanfor hovudkategoriane er kommentert nærare i kapittel 4.4.1. til 4.4.6.

3.4.1. Bygningar og anlegg

Dei fleste framtidige byggeområde er lagt til under dette hovudformålet. Alle område som er tenkt å ivareta fleire underformål, er lagt inn som bygningar og anlegg, oversyn over kva dei ulike områda er tenkt til, er å finne i vedlegg 2 til føresegnene og retningslinjene.

Framtidige område for bustad er plassert i tilknytning til eksisterande område for bustad for å optimalisere infrastruktur, både eksisterande og framtidig, i ulike område. Det er lagt vekt på konsentrasjon rundt eksisterande både for nye næringsområde og område for fritidsbygg, dei fleste av desse områda er å finne under kategorien «bygningar og anlegg». Område for naust er dekkja av «andre typar bygningar og anlegg».

Fleire område som var sett av til framtidige byggeområde med plankrav, reguleringsplan eller utbyggingsplan, i førre planperiode, er no endra til LNF-område med høve til spreidd bygging. Dette er gjort for å senke terskelen for gjennomføring av tiltak. Dette inneber at det er høve til å føre opp eit bygg, utan at det vert kravd plan for fleire bygg.

Under er ei oversikt over bokstavkodar som er nytta i plankartet for framtidige byggeområde under denne hovudkategorien:

BA – Bebyggelse og anlegg
B – Bustadbebyggelse
BFR – Fritidsbebyggelse
BOP – Offentleg eller privat tenesteyting
BFT – Fritids- og turistformål
BRU – Råstoffutvinning
BN – Næringsbebyggelse

¹⁰ Definisjon av tiltak sjå plan- og bygningslova § 1-6.

BIA – Idrettsanlegg

BAB – Andre typer bebyggelse og anlegg (energianlegg, småbåtanlegg, naust, sjøhus, molo, fylling)

3.4.2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Områda på Lote knytt til bru, tunnel og ferje er lagt til under dette arealformålet. Det er og sett av areal til parkering.

Under er ei oversikt over bokstavkodar som er nytta i plankartet for framtidige byggeområde under denne hovudkategorien:

S – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

SPA – Parkering

3.4.3. Grønstruktur

Grønstruktur er i liten grad sikra gjennom arealdelen. I sentrum er Malakoff lagt til som eksisterande grønstruktur for å sikre området til friområde med høve til både arrangement og rekreasjon.

3.4.4. Forsvaret

Forsvaret har eit område på Hjelle, Firda kaserne, dette vert vidareført i arealdelen, med reguleringsplankrav for den delen som ikkje er bygd ut. I tillegg har forsvaret eit større skytefelt/øvingsområde på Heida.

Under er ei oversikt over bokstavkodar som er nytta i plankartet for framtidige byggeområde under denne hovudkategorien:

M – Forsvaret

3.4.5. Landbruk-, natur- og friluftsmål

Alt landområde som ikkje er sett av til andre arealformål eller som omsynssone for reguleringsplan, er på plankartet synt som LNF-område. LNF-område med høve til spreidd utbygging er avgrensa med tanke på jordvern, og moglegheit til å samordne infrastruktur og dermed oppgradere eldre infrastruktur knytt til eksisterande bygningar. Det er framleis ein del område som ligg innanfor områder som kan vere utsett for til dømes ras og flaum, dette utløyser krav om ytterlegare vurderingar før det kan utførast tiltak, jf. føresegner.

Spreidde næringsbygg omfattar også utleiehytter. I ein del område som er avsett for spreidd bustad-, fritids- og næringsbygningar, er det berre høve til to av desse formåla. Dei områda det gjeld er markert med følgjande tekst på plankartet:

- LBN – LNF-område med høve til spreidd bustad- og næringsbygningar
- LBF – LNF-område med høve til spreidd bustad- og fritidsbygningar
- LFN – LNF-område med høve til spreidd fritids- og næringsbygningar

3.4.6. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner.

Dette formålet er i stor grad nytta for å sikre areal til viktige friluftsområde i tilknytning til busetnad. Ved denne revisjonen er det lagt inn fleire eksisterande friluftsområde i strandsona under denne kategorien. Også område for småbåthamn er tatt med under denne hovudkategorien. Her er det lagt vekt på færre og større småbåtanlegg i ulike delar av kommunen. Område for akvakultur er vidareført som dei var i førre planperiode.

Under er ei oversikt over bokstavkodar som er nytta i plankartet for framtidige byggeområde under denne hovudkategorien:

V – Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

VS – Småbåthamn

VA – Akvakultur

3.4.6. Juridiske linjer

Det er lagt inn ny veg frå Hundvikfjellet til Torheim og ny tilkomst til byggefelt på Hjelle. Tunellen som låg inne frå Lote til Nordfjordeid er endra til Lote til Hjelle.

Det er lagt inn gang- og sykkelveg på dei områda der dette ikkje ligg inne på strekninga frå før, frå Lefdal til Holmøyane. I tillegg er det lagt inn gang- og sykkelveg på enkelte mindre strekningar mellom bustadområde og skule.

Det er vidareført eller lagt inn turveg/turdrag langs større elver i kommunen. Både skiløyper og ridestiar er rekna under turveg/turdrag, desse er i stor grad lagt i tråd med innspel. I tilknytning til Harpefossen er det lagt inn linjer for motorferdsel i utmark.

4. Omsyn

I dette kapittelet er det gjort greie for dei ulike temaa som har hatt betydning for utforming av plankart og føresegner, og som er vurdert i konsekvensutgreiinga og risiko og sårbarheitsanalysen for dei nye byggeområda.

Under kvart tema er det gitt ei oversikt over kva som ligg til grunn for dei ulike omsyna, kommunen sine strategiar knytt til desse og kva som er gjort i arealdelen for å følgje opp.

Barnetråkkregistreringar, registrering av barnehagane og skulane sin arealbruk, sentrumsanalyse, strandsonekartlegging, kjerneområde landbruk og kommunedelplan for kulturminner er dømer på tiltak som har eller skal betre grunnlaget for arealdisponering i Eid kommune. Der det er manglande kunnskap kan kommunen sette i verk tiltak for å hente inn og systematisere lokal kunnskap som kan leggst til grunn for betre prioriteringar innanfor ulike tema og derfor mellom ulike omsyn.

4.1. Tema som vert tatt opp i konsekvensutgreiinga

Å endre bruken av eit område gir konsekvensar for omgjevnadane. Konsekvensar kan vere positive eller negative på kvar sitt vis, sett frå ulike synspunkt i samfunnet. Når kommunen vurderer dei ulike omsyna vil det vere samfunnsnytta som gir størst verdi. Som grunnlag for ei avgjersle knytt til framtidig arealformål er det viktig å få fram både positive og negative konsekvensar ved endra arealbruk i dei ulike områda. For å avbøte dei negative konsekvensane kan kommunen setje vilkår for utbygging av dei ulike områda.

4.1.1. Overordna mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommunen sin samfunnsdel er førande for kva utbyggingsområde som vert velt. Relevante strategiar frå kommuneplanen sin samfunnsdel er lagt inn under dei mest relevante omsyna, for å tydeleggjere kva startegi Eid kommune har valt.

4.1.2. Tettstadutvikling

Prinsippa for tettstadsutvikling er viktigast i Nordfjordeid sentrum. Det er også potensiale for fortetting i Kjølisdalen, på Stårheim, Haugen og Hjelle i tilknytning til område med tenesteyting knytt til oppvekst.

Sentrumsanalysen gir meir utfyllande informasjon om korleis ein bør utvikle Nordfjordeid for å legge til rette for eit meir levande sentrum. Fortetting og konsentrasjon av tenestetilbod er viktige element i denne analysen.

Fortetting

Fortetting i utbygde område kan gi betre nytte av etablert infrastruktur og hindre nedbygging av verdifulle landbruks-, natur- og friluftsområde. I Nordfjordeid sentrum vil fortetting innanfor allereie utbygde område vere gunstig både for å sikre god utnytting av ressursane og for å skape meir liv i sentrum då tettleik av menneske vil auke. Fortetting kan skje gjennom å nytte meir av arealet på ei tomt til utbygging, gjennom å bygge i høgda eller gjennom å bruke eksisterande bygg til fleire formål.

Oppfølging i arealdelen	Strategi frå samfunnsdelen
I føresegnene er det tatt inn krav om fortetting i sentrum og tettbygde område ved utarbeiding av nye/ending av reguleringsplanar. Dette kan	1.7. Syte for variasjon i bustadmarknaden 1.11. Planlegge fortetta utnytting av areal i sentrum

føre til meir variasjon i bustadmarknaden, med betre tilgang på mindre bueiningar.	
I plankartet er LNF-områda med høve til spreidd bebyggelse i større grad avgrensa til eksisterande bebyggelse. Dette kan føre til betre infrastruktur og mindre nedbygging av LNF-område.	1.8. Planlegge areal for ny spreidd bustadbygging i landbruks-, natur-, og friluftsområde i tilknytning til anna busetnad og infrastruktur
I plankartet er nye område for næring i stor grad lokalisert inntil eksisterande.	4.20. I størst mogeleg grad lokalisere nytt næringsareal i tilknytning til eksisterande næringsareal, infrastruktur og hovudferdselsårer

Kollektivknutepunkt

Det er forventa at handelsverksemd og anna privat og offentleg teneste- og servicefunksjonar vert lokalisert sentralt, og i tilknytning til knutepunkt for kollektivtransport¹¹. Gjennomgåande bussruter, nord/sør, og aust/vest, utgjer i stor grad kollektivtransporten innanfor Eid kommune. Knutepunktet er busstasjonen som ligg i sørlege del av Nordfjordeid sentrum. Nærleik til busstoppeplassar har betydning for terskelen for å velje kollektivtransport framfor bil, når avstandane er for store til å gå eller sykle.

I Eid kommune er nærleik til busstopp viktigare enn avstand til busstasjonen når ein skal planlegge nye utbyggingsområde. Busstasjonen er under opprusting, her vil vere høve til langtids- og korttidsparkering i samband med bussreiser.

Samanhengande grøn struktur

Område som er prega av vegetasjon vert kalla for grøn struktur. Dette skil seg frå område som er prega av til dømes asfalt eller bygningar.

Det er spesielt i tettbygde område med utbyggingspress at grøn struktur er eit tema. Å kunne ferdast mellom sentrum, bustadområde og ut i omkring liggande naturområde gjennom grønne belte er ein verdi som kan senke terskelen for å vere aktiv.

Oppfølging i arealdelen	Strategi frå samfunnsdelen
I plankartet er det lagt inn turvegar mellom bebygde område og naturområde. Dette vert i stor grad løyst i reguleringsplanar. I føresegnene er det sett krav om å sikre allmenta tilgang til grøntareal ved regulering av område.	2.5. Planlegge kontakt mellom naturområde og barnehage og skule 5.9. Legge til rette for aktiv livsstil og auka friluftsliv ved å knyte saman sentrum og bustadområde med friluftsområde
I føresegnene er sikra høve til å etablere tilkomst og turstiar for allmenta innanfor 100-metersbeltet.	5.10. Legge til rette for auka bruk av strandsona og fjorden

4.1.3. Samferdsel og infrastruktur

Veg, vatn, avløp, telekommunikasjon, elektrisitet og anna infrastruktur

I kva grad nye utbyggingsområde vil medføre behov for utbygging av infrastruktur, har betydning for seinare kostnader og dermed terskel for realisering av ulike utbyggingsområde. I statlege

¹¹ Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedtatt ved kongelig resolusjon 24. juni 2011

planretningslinjer for klima- og energiplanlegging i kommunane¹² er formålet å sikre at kommunane arbeider med reduksjon av klimagassutslepp. I tillegg er det viktig at samferdsel og infrastruktur er tilpassa klimaendringar slik at vi ikkje får større utfordringar ved ekstremvær. Kommunal

Oppfølging i arealdelen	Strategi frå samfunnsdelen
I føresegnene er utbyggingsavtaler, parkering, handtering av overflatevatn, tekniske anlegg og tenester samt areal til infrastruktur og trafikktryggleik tatt med.	1.13. Ta omsyn til klimautfordringar ved bustadbygging 1.15. Syte for optimal infrastruktur i nye kommunale bustadfelt

Tilgjenge til hovudvegnettet

I rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging¹³ er målet mellom anna at samordning mellom utbyggingsområde og transportsystem «.. fremmer samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessig gode løysningar, trygge lokalsamfunn og bomiljø, god trafiksikkerhet og effektiv trafikkavvikling.»

Europaveg og Riksveg gjennom kommunen har den høgaste standarden og er dimensjonert for større trafikk med unntak av enkelte «flaskehalsar». Fylkesvegane er ikkje dimensjonert for større trafikk, men i nokon områder er dette einaste hovudvegen. Det er ikkje ynskjeleg med auka trafikk der ein kan unngå det. Dersom trafikken vert auka er det ynskjeleg med utbetring av veg.

For å unngå unødig belastning og konflikt med mjuke trafikantar bør tungtransport lokaliserast i nærleiken av hovudvegnettet. Dette er spesielt viktig i område der born og unge ferdast langs vegen for å kome til skulen. Gang- og sykkelsti reduserer konflikten mellom desse interessene.

Nye område for bustad er i stor grad lokalisert i nær avstand til hovudvegnettet, slik at innbyggjarar kan nytte seg av kollektivtransport.

Føringar for kommunale vegar vert gitt gjennom eigen kommunedelplan for veg og trafikktrygging og kommunal vegnrom som legg føringar for framtidig utbygging og vedlikehald av kommunale vegar.

Oppfølging i arealdelen	Strategi frå samfunnsdelen
I plankartet er nye område for næring lagt i tilknytning til eksisterande hovudferdselsårer.	4.14. Sikre næringsareal i tilknytning til hovudferdselsårer 4.20. I størst mogeleg grad lokalisere nytt næringsareal i tilknytning til eksisterande næringsareal, infrastruktur og hovudferdselsårer
I føresegnene er det tatt inn at kommunalvegnorm skal følgjast.	1.18. Syte for trygge og funksjonelle kommunale vegar.

¹² Klima- og energiplanlegging. Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene. Retningslinjer med utfyllende kommentarer. Fastsatt ved Kronprinsreg.res. 4. september 2009 med hjemmel i lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 6-2 første ledd. Fremmet av Miljøverndepartementet.

¹³ Areal- og transportplanlegging. Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging Gitt ved Kgl. resolusjon av 20. august 1993 i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juli 1985, §17-1 første ledd.

Gang- og sykkelvegnett

Vi har lagt opp til at det kan byggast ut gang- og sykkelveg gjennom heile kommunen frå vest til aust. Og i område med behov, spesielt i tilknytning til trygg skuleveg mellom bustadområde og skule.

Oppfølging i arealdelen	Strategi frå samfunnsdelen
I plankartet er det lagt inn gang- og sykkelstiar frå vest til aust. Omsynet til trygg skuleveg er tatt inn i føresegnene.	2.3. Sikre at barn og unge i størst mogeleg grad kan gå eller sykle til skulen gjennom å påverke utbygginga av trygge skulevegar 2.6. Planlegge gang- og sykkelvegar frå bustadområde til skule 5.8. Legge til rette for trygge kommunikasjonsårer for gåande og syklande

4.1.4. Verdiskaping og næringsutvikling

Næringsutvikling

I arealdelen skal både eksisterande og potensiell ny næring ha gode vilkår. Verdiskaping er viktig i samfunnet, og vi ynskjer at det skal etablerast fleire arbeidsplassar i kommunen.

Oppfølging i arealdelen	Strategi frå samfunnsdelen
I plankartet er det sett av nye byggeområde for næringsverksemd. Etter innspel er det og sett av areal til utviding av eksisterande verksemdar.	4.14. Sikre næringsareal i tilknytning til hovudferdselsårer 4.15. Støtte opp om utvikling av Harpefossen skisenter/hyttegrennd 4.20. I størst mogeleg grad lokalisere nytt næringsareal i tilknytning til eksisterande næringsareal, infrastruktur og hovudferdselsårer

Landbruk

Landbruk omfattar både jordbruk og skogbruk. Desse primærnæringane er ein viktig byggestein i samfunnet. Areal til dyrking, beite og skog er viktig for eksisterande landbruk.

Dei beste og mest lett drivne områda er ofte lokalisert på same stad som det er attraktivt å bygge ut enten til bustadar eller næring.

Landbruksdrift vert mindre lønnsam når den må baserast på dei områda som er mest krevjande å dyrke. Å nytte dei beste og mest lett drivne areala til utbygging vil ha negative konsekvensar for landbruket i kommunen.

Oppfølging i arealdelen	Strategi frå samfunnsdelen
I plankartet er LNF-områda med høve til spreidd bebyggelse avgrensa. I føresegnene er det lagt inn krav om minimum BYA i sentrum og tettbygde område.	4.23. Ta omsyn til landbruksnæringa gjennom å sikre lett drivne, større og samanhengande landbruksareal i arealforvaltninga

Mineralressursar

Mineralressursar er ikkje fornybare ressursar. Det er difor ynskjeleg at desse vert tatt ut før nye område vert utbygd. Det er viktig å ta ut mineralressursar før eventuell utbygging, då desse vil vere

tapt for ettertida, dersom dei ikkje vert utvunne. I tillegg vil mineralressursar som ikkje er fornybare vere viktige ressursar ikkje berre lokalt, men og globalt.

Eid kommune er rikt på fjell og sand ressursar, i tillegg er det førekomstar av olivin i vestlege del av kommunen. Det er ikkje alle område for mineralressursar som er driveverdige, dette kjem ann på verdien av mineralen og storleiken på førekomsten.

4.1.5. Natur, kulturmiljø og landskap

Naturmangfald

Naturmangfald er i naturmangfaldlova definert som «biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning».

Ved endring av arealbruk i eit område der naturmangfald er relevant, skal kjent kunnskap, føre-var-prinsippet, samla belastning på økosystemet leggst til grunn med sikte på å unngå eller avgrense skader på naturmangfaldet.

Både artar og natur er ein del av naturmangfaldet. Dei nye framtidige byggeområda er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Område som er verna etter naturvernlova, er bandlagt som omsynssoner i plankartet. I Heggjadalsvatnet er det «artsfreding» på ein holme medan det i Lindvika og på Lotsberg er «naturreservat» som er verna etter naturmangfaldlova, desse vert lagt inn som bandlagde omsynssone.¹⁴

EDNA er ei lokal registrering i Sogn og Fjordane over spesielle naturkvalitetar. Prioriterte naturtypar vert sett av med omsynssone naturmiljø.

Hornindalsvassdraget er verna etter vassressurslova. Det er utarbeida ein kommunedelplan for dette området sidan førre arealdel, kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget.

Oppfølging i arealdelen	Strategi frå samfunnsdelen
I plankartet er det lagt inn fleire omsynssoner knytt til naturmiljø.	5.14. Verne om naturressursar, kulturminne og særpreg i naturen 5.13. Legge til rette for aktiv og berekraftig bruk av naturen

Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne er i kulturminnelova definert som «.. alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til» og kulturmiljø som «...områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng».

Ved vurdering av endra arealbruk som kan påverke kulturminneressursane skal det leggst vekt på formålet med kulturminnelova, jf. kulturminnelova § 1. Kulturminner og kulturmiljø er ein del av kulturarven og identiteten vår.

¹⁴ www.fylkesatlas.no Vern etter naturmangfaldlova etter type, under viktige naturområde

I kommunen er det mange bygg som er registrert som SEFRAK-bygg. Det er lagt inn i føresegnene at desse skal inn til godkjenning hjå fylkeskommunen før vesentleg endring eller riving.

Hausten 2013 vart delar av Nordfjordeid sentrum registrert i NB-registeret. Dette synleggjer den nasjonale verdien for dette gamle trehusmiljøet. For å sikre ei god forvaltning av bygningane i dette området vil kulturavdelinga hjå Sogn og Fjordane Fylkeskommune få høve til å uttale seg i enkeltsaker.

Setrane i kommunen vart vurdert med tanke på vern, drift og fritid ved førre revisjon. I arealdelen har vi difor lagt inn omsynssoner rundt setrane som tidlegare var merkt med «vern» og gitt retningslinjer knytt til forvaltninga av desse. Dette vert gjort for å sikre kulturmiljøet som setrane representerer.

Kulturminne som er freda etter kulturminnelova er lagt inn som båndleggingssone, båndlegging etter lov om kulturminner, med heimel i § 11-8 bokstav d.

Eid kommune har ingen kommunedelplan for kulturminner enda, og har difor ikkje prioritert verdien av lokale kulturminner. Men denne skal utarbeidast og skal difor leggest til grunn for framtidige reguleringsplanar når den er klar. Revisjon og vedtak i 2014.

Oppfølging i arealdelen	Strategi frå samfunnsdelen
Reguleringsplan med bygningsvern for ein del bygg i Eidsgata/Tverrgata, er vidareført og skal gjelde før arealdelen.	1.12. Ta vare på det kulturhistoriske særpreget i Eidsgata og Tverrgata
I plankartet er det lagt inn fleire omsynssoner knytt til kulturmiljø.	5.14. Verne om naturressursar, kulturminne og særpreg i naturen

Landskap

I den europeiske landskapskonvensjonen er landskap definert som «...et område, slik vi mennesker opplever det på grunnlag av våre erfaringer og kunnskaper.»¹⁵. Definisjonen av landskap er vid og famnar både område som ikkje er påverka og som i stor grad er påverka av menneske. Konvensjonen tar utgangspunkt i at naturen sine egne prosessar, som vind, regn, snø, flaum og ras, og menneskelege inngrep, som skogbruk, jordbruk, bustadar, hytter, næring og infrastruktur, heile tida endrar landskapet.

Endringar i arealbruk vil endre landskapet. Her er det viktig å legge vekt på at endringane gjer at «folk ser seg tent med å bu og arbeide»¹⁶ i området.

Strandsone

I strandsona, definert som 100-metersbeltet frå sjø, er allmenne interesser viktige, det er difor lagt ned eit generelt byggeforbod i dette området gjennom pbl. § 1-8. I Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen¹⁷ er det gitt nærare føringar for kva som skal vurderast og korleis dette skal vektast med tanke på tiltak innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Relevant nasjonale føringar er gitt i statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av

¹⁵ T-1475 Den europeiske landskapskonvensjonen

¹⁶ T-1475 Den europeiske landskapskonvensjonen

¹⁷ Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, Fastsatt ved kgl.res. av 25. mars 2011, jfr. plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 § 6-2

strandsona langs sjøen. Eid kommune si strandsonerubering, vedlegg 3 til planomtala, gjer greie for ulike omsyn i strandsona, byggegrense er fastsett på bakgrunn av vurdering av desse omsyna.

Oppfølging i arealdelen	Strategi frå samfunnsdelen
I plankartet er ein del friluftsområde ved sjø sikra gjennom arealformål.	5.10. Legge til rette for auka bruk av strandsona og fjorden

4.1.6. Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Folkehelse

I folkehelselova er folkehelse definert som «...befolkningens helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i en befolkning ». Område for rekreasjon og område som innbyr til fysisk aktivitet er viktige i denne samanhengen.

Universell utforming av offentlege rom og nye bygg fremmer funksjonsnivået når ein i delar av livet eller permanent har nedsett funksjonsevne. Ved å legge til grunn prinsippa for universell utforming i det offentlege rom og i nye bygningar vil fleire oppleve ei betre funksjonsevne.

Det er tatt inn eiga føresegn for universell utforming i føresegnene.

Oppvekstmiljø

I rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga¹⁸, er viktige nasjonale mål for barn og unge sitt oppvekstmiljø mellom anna å «sikre et oppvekstmiljø som gir barn og unge trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkninger ...».

Område til leik, trygg skuleveg, og høve til å kome ut i friluftsområde frå bustadområde er vektlagt. I framtida skal barnetråkkregistreringa og barnehagane og skulane sin arealbruk vere eit grunnlag for å ta omsyn til barn og unge sine interesser i arbeidet med detaljreguleringsplanar, dette er sikra gjennom føresegnene.

Oppfølging i arealdelen	Strategi frå samfunnsdelen
I plankartet er det lagt inn samanhengande gang- og sykkelsti på aksen vest/aust i kommunen. I tillegg er mindre strekker frå bustadområde til skuleområde lagt inn med gang- og sykkelsti.	2.3. Sikre at barn og unge i størst mogleg grad kan gå eller sykle til skulen gjennom å påverke utbygginga av trygge skulevegar 2.6. Planlegge gang- og sykkelvegar frå bustadområde til skule
I plankartet er det lagt inn turvegar mellom bebygde område og naturområde. Dette vert i stor grad løyst i reguleringsplanar. I føresegnene er det sett krav om å sikre allmenta tilgang til grøntareal ved regulering av område.	2.5. Planlegge kontakt mellom naturområde og barnehage og skule

¹⁸ Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen. Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, vedtatt i statsråd 1. september 1989.

Friluftsliv

Når menneske er ute i friluft kvalifiserer det til friluftsliv. Område for allment friluftsliv er viktige. Ved planlegging av område for utbygging, er kommunen opptatt av å ta vare på og vidareutvikle område som er allment brukt som friluftsområde.

Friluftsområde i tilknytning til sjø, til dømes badeplassar er difor merka med arealformål «Friluftsområde» under hovudformålet «Bruk og vern av sjå og vassdrag».

Oppfølging i arealdelen	Strategi frå samfunnsdelen
I plankartet er det lagt inn turveggar mellom bebygde område og naturområde. Dette vert i stor grad løyst i reguleringsplanar. I føresegnene er det sett krav om å sikre allmenta tilgang til grøntareal ved regulering av område.	2.5. Planlegge kontakt mellom naturområde og barnehage og skule 5.5. Sikre og legge til rette for tilgang til natur- og friluftsopplevingar for allmenta 5.10. Legge til rette for auka bruk av strandsona og fjorden 5.9. Legge til rette for aktiv livsstil og auka friluftsliv ved å knyte saman sentrum og bustadområde med friluftsområde

4.2. Tema som vert tatt opp i risiko- og sårbarheitsanalysen

I arealplanlegginga er det viktig å nytte kjent kunnskap om ulike forhold for å unngå å skape ny eller auke risiko og sårbarheit i samfunnet. Systematisk arbeid for å fremme samfunnstryggleik er viktig for å unngå tap av liv, helse, viktig infrastruktur, samfunnsviktige funksjonar og større materielle verdiar.

Risiko- og sårbarheitsanalysen er eit verktøy for å kartlegge risiko og sårbarheit, både frå naturen og menneskeskapt, slik at ein kan ta omsyn til dette i vidare planlegging. I arealdelen vert det stilt krav til nærare kartleggingar eller vurderingar i framtidig reguleringsplanarbeid, frådelingssak eller byggesak.

I arealdelen er det potensiell risiko og sårbarheit som er tema. Dette vert så følgt opp i reguleringsplanarbeid, frådelingssak, eller byggesak for å klargjere reell risiko og sårbarheit. Det er på dette nivået det vert stilt krav om tiltak for å redusere risiko og sårbarheit.

4.2.1. Skred, flaum, havnivåstiging og stormflo

Skred

Skred omfattar både kvikkleire-, jord-, sørpe-, stein- og snøskred. Det beste er å ikkje bygge i område som er skredutsett eller kartlagt som aktsemdsområde. Grundigare kartleggingar i til dømes byggeområde kan gi ny kunnskap og dermed ny avgrensing av aktsemdsområde. På same måten vil tiltak for å redusere skredfare ha innverknad på risikoen for skred.

Omsynssoner i plankartet (del 2) er basert på aktsemdsområde frå Norges Geotekniske Institutt (NGI) og marin grense. Desse er følgt opp i føresegnene med krav om kartleggingar og vurderingar knytt til skredfare.

Byggeområde som ligg innanfor aktsemdsområde vert kommentert i ROS-analysen. Også registrerte hendingar i eller i nærleiken av byggeområdet vert kommentert.

Grunnforholda har betydning for stabilitet i grunnen og kan t.d. vere indikator. Nye tiltak i område som er utsett for skredfare krev meir utfyllande kartleggingar og vurderingar.

NVE si retningslinje nr.2/2011 *Flaum- og skredfare i arealplanar*, ligger til grunn for dette arbeidet.

Flaum

Flaum omfattar flaum i elver og problem knytt til opphoping av overflatevatn. Elveførebygging reduserer risikoen for flaum. Løysingar for å handtere store mengder overflatevatn må løysast på alle område, dersom det ikkje vert løyst i eit område vil det førre til større problem i eit anna område. Flaum kan medføre skred i eller utanfor elvebana, både jordskred og sørpeskred.

I Eid kommune si overordna risiko- og sårbarheitsanalyse 2014 er eit mogeleg førebyggande tiltak i område utsett for flaumfare å nytte ekstra tryggleiksmargar i arealplanlegginga.

I plankartet er det lagt inn minimum byggegrense på 25 meter frå elver som er synlege på plankartet. Men det er og kjent at elver kan skifte løp og dermed kome ned i heilt andre område. Alle byggeområde med elv gjennom eller inntil vert kommentert i ROS-analysen og følgt opp med krav i føresegnene. I føresegnene er det stilt krav om naudsynt avstand ved bygging i nærleiken av flaumutsette område.

I tettbygde områder vil ofte overflatevatn føre til problem ved til dømes kraftig nedbør og issmelting. Det er tatt inn krav om handtering av overflatevatn i føresegnene.

I område der reguleringsplan skal utarbeidast må områda nær elv ikkje utbyggast på ein måte som aukar risiko og sårbarheit. I område som ikkje er omfatta av reguleringsplan skal elvene ikkje inngå i byggeområde så sant det ikkje er eksisterande bygg inntil elv i dag. Nye bygg i skal ikkje plasserast i nærleiken av elv utan at det er gjennomført kartleggingar eller tiltak som reduserer risikoen.

NVE si retningslinje nr.2/2011 *Flaum- og skredfare i arealplanar*, ligger til grunn for dette arbeidet.

Havnivåstiging og stormflo

Område som er utsett for havnivåstiging bør ikkje byggast på, då dette i framtida vil kunne ende under vatn. Område som er utsett for stormflo kan byggast på, men det må då byggast på ein måte som står i mot eller som tåler at det vert flaum. Funksjon og levetid på tiltak/bygg gjer at enkelte tiltak/bygg må etablerast i desse områda, det kan til dømes vere naust, småbåthamn, turvegar og liknande.

I Eid kommune si overordna risiko- og sårbarheitsanalyse 2014 er eit mogeleg førebyggande tiltak i område utsett for stormflo å vurdere høg vasstand i ROS-analyse knytt til planlegging av nye utbyggingsområde, stille krav til byggehøgde og god drenering.

I Eid kommune er havnivået estimert til å i løpet av 100 år kan stige 70 til 90 cm frå dagens nivå og stormflo kan kome opp i mot 3 meter¹⁹. I Nordfjordeid sentrum, som ligg inst i fjorden, kan

¹⁹ Havnivåstiging, Estimerer av framtidig havnivåstiging i norske kystkommuner (revidert 2009) og Endringer i fortidens, dagens og framtidens havnivå med spesielt fokus på vestlandskysten, NERSC Special Report no. 89, Bjerknessenteret for klimaforsking, publikasjon nr. R101, Bergen 2012.

vindretning kombinert med stormflo gje høgare vasstand. I føresegnene er det lagt inn krav om sikring mot fare/skade ved havnivåstiging/stormflo under kote +3.00 m over havet.

4.2.2. Andre forhold som potensielt kan redusere samfunnstryggleik

Forureining

Forureining handlar om tilførsel av fast stoff, væske eller gass til luft, vatn eller grunn, og støy og risting²⁰ Forureining skal avgrensast for å sikre eit trygt miljø. Retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegginga²¹ har som formål å bidra til «..å forebygge støyplager og ivareta stille og lite støypåvirkede natur- og friluftsområde..».

Ved vurdering av endra arealbruk vil forureining vere eit viktig tema for å fremme folkehelse. Kartlagde område med støy frå skytebaner er lagt inn som omsynssone i plankartet. Det er knytt føresegner til desse områda som sikrar at retningslinjer for handsaming av støy vert lagt til grunn for nye tiltak i desse områda.

I nye område til råstoffutvinning er det viktig å i størst mogeleg grad unngå støv, støv og avrenning til omgjevnadane.

Radon

Radon medfører helsefare. Vi har ingen fullstending kartlegging av aktsemdområde for radon i kommunen. Hausten 2013 vart det gjennomført radon-målingar i alle offentlege bygg. Dei høgaste verdiane vart funne på Hjelle.

Brann

Tett bygde område og nærleik til skog aukar faren for større brannar. Tilgang til og kapasitet på sløkkjevatn kan redusere risikoen for at dette skal skje.

Brannmannskapet i Eid kommune har god kapasitet på sløkkjevatn og løysingar for å sikre sløkkjevatn.

Ved vurdering av nye byggeområde er nærleik til skog kommentert i ROS-analysen. I føresegnene er det lagt inn at kommunen kan krevje brannteknisk prosjektering av tiltak i eller rundt bygg med verne- eller bevaringsverdi.

4.3. Oversyn over omsynssoner

Følgjande omsynssoner er nytta i plankartet:

- H110 – sikringsone - nedslagsfelt drikkevatn
- H210 – støysone – raud sone iht. T-1442
- H220 – støysone – gul sone iht. T-1442
- H310 – faresone – ras- og skredfare
- H530 – sone med særleg angitt omsyn – omsyn friluftsliv

²⁰ Forureiningslova

²¹ T-1442/2012

- H560 – sone med særleg angitt omsyn – bevaring naturmiljø
- H570 – sone med særleg angitt omsyn – bevaring kulturmiljø
- H720 – bandleggingssone – bandlegging etter lov om naturvern
- H730 – bandleggingssone – bandlegging etter lov om kulturminne
- H740 – bandleggingssone – bandlegging etter andre lover
- H910 – vidareføring av reguleringsplan – gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelde

5. Konsekvensutgreiing for planen sin samla verknad

I dette kapittelet er det gitt ei samla vurdering av konsekvensar ved alle framlegg til ny eller endra arealbruk i planen. Konsekvensar er omtalt og vurdert for kvart tema som har vore gjenstand for vurdering i konsekvensutgreiinga for kvart område, jf. Vedlegg 1.

Minusteikn = negativ konsekvens

Plussteikn = positiv konsekvens

5.1. Tettstadutvikling

Negativt:

- Nye byggeområde fremjar ikkje fortetting i sentrum av Nordfjordeid

Positivt:

+ Nye byggeområde på Nordfjordeid ekspanderer i same retning som nye bustadområde i sentrum

+ Utarbeidd sentrumsanalyse for Nordfjordeid som syner i kva område det er gunstig å fortette, også med bueiningar, for å få eit meir levande sentrum

5.2. Samferdsel og infrastruktur

Negativt:

- Ein del byggeområde vil føre til auka belastning på vegar som ikkje har dagens standard

- Det vil følgje med ekstra kostnadar for utbygging av VA-anlegg i ein del av dei nye utbyggingsområda

Positivt:

+ Framtidige bustadområde ligg i nærleiken av busshaldeplassar

+ Det er gåavstand får framtidige bustadområde til sentrum/skule i dei ulike bygdene

+ Framtidige næringsareal er i hovudsak lokalisert langs hovudvegar

+ Det er lagt inn framtidig gang- og sykkelveg på heile strekninga frå Holmøyane til Lefdal langs hovudvegen

5.3. Næringsutvikling

Positivt:

+ Det er sett av areal til framtidig utvikling av eksisterande verksemdar

+ Det er sett av større framtidige næringsområde utanfor sentrum for å legge til rette for samlokalisering av næringsverksemd

+ Det er sett av areal til framtidig utvikling av næring i sentrum

5.4. Landbruk

Negativt:

- Ein del av arealet som vert endra frå landbruk til byggeområde, er areal som er lett å drive

- Tap av produksjonsgrunnlag i form av dyrka jord

Positivt:

+ LNF-områda med høve til spreidd bygg er avgrensa

+ Kartlegging av kjerneområde landbruk frå førre arealdel syner viktige område for landbruk

5.5. Mineralressursar

Positivt:

- + Det er lagt til rette for uttak av mineralressursar; sand, i Vedvikmona
- + Det er lagt til rette for kombinasjon av råstoffutvinning og næringsbygningar, slik at t.d. sand eller pukk kan takast ut før eit område vert utbygd

5.6. Naturmangfald

Vurderingar av naturmangfald i høve dei miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 8: Kunnskapsgrunnlaget, jf. omtale i vedlegg 1 under konsekvensutgreiing, er vurdert som tilstrekkeleg på kommuneplannivå.

§ 9: «Føre-var-prinsippet». Det er stilt krav om reguleringsplan i nye utbyggingsområde, her må krav etter naturmangfaldlova oppfyllest på eit meir detaljert nivå.

§ 10: Dei framtidige byggeområda vil ha negative konsekvensar for naturmangfaldet. Det negative omfanget kan avgrensast ved nærare kartleggingar og tiltak på reguleringsplannivå. Registrerte bestandar som er observert i området, kan få dårlegare levekår, dette kan påverke bestanden av Hubro (område BA06) som er sterkt trua, hvit skogfrue (område S02) og lurvesøtpigg (område S02) som begge to er nær trua. Framtidig utbygging vil og ha negative konsekvensar for edellauvskog og ask. Den samla belastninga er negativ.

§§ 11 og 12: I områda der utbygging kan føre til negative konsekvensar for naturmangfald, skal tiltakshavar syte for regulering og skadeavgrensing.

Negativt:

- Planframlegget opnar for utbygging i EDNA-registrerte område
- Biologisk mangfald kan gå tapt ved utbygging i dei mest sårbare områda, jf. byggeområde BA06, S02
- Utbygging i område BA13, BA16, BRU05, BRU06, BRU07, BAB08 og LF155 hamnar under kategori 3 i kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget: «Tiltak eller inngrep som normalt vil vere i konflikt med vernegrundlaget, og der omfang, detaljering og utforming av inngrepet avgjer om tiltaket kan utførast».

Positivt:

- + Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget
- + Verna område og område som er registrert som prioriterte naturtypar og i EDNA ligger inne som omsynssoner i plankartet

5.7. Kulturminne og kulturmiljø

Negativt:

- Har ingen lokal prioritering av kulturminneverdiar, då kommunedelplan for kulturminne ikkje er utarbeidd enda

5.8. Landskap

Negativt:

- Utbygging vil endre landskapet

5.9. Strandsone

Negativt:

- Fritidsbustadar, t.d. sjøhus, kan føre til privatisering i delar av strandsona

Positivt:

- + Strandsonekartlegginga frå førre arealdel syner viktige område for friluftsliv langs sjøkanten, både for land og sjø, desse er lagt inn som omsynssoner i plankartet
- + Det er sett av område til arealformål friluftsliv i sjø, i område med størst konsentrasjon av innbyggjarar

5.10. Folkehelse

Positivt:

+ Nye område for bustad er lokalisert i nærleiken av andre bustadområde og rekreasjonsområde

5.11. Oppvekstmiljø

Positivt:

+ Nye område for bustad er lokalisert i nærleiken av andre bustadområde og i nærleik av skule

+ Framtidige gang- og sykkelveggar legg til rette for trygg skuleveg for fleire barn

5.12. Friluftsliv

Positivt:

+ Område som er registrert i FRIDA og strandsonekartlegginga ligger inne som omsynssoner i plankartet

+ Samordning ved utbygging av småbåtanlegg vil føre til at fleire får tilgang til å nytte båt på sjøen

6. Vedlegg

I tillegg til plankartet og føresegnene og retningslinjene, er følgjande vedlegg ein del av Eid kommune sin arealdel:

1. Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse
2. Samandrag og vurdering av innspel til planarbeidet
3. Nærare vurdering av byggegrense i strandsona
4. Sentrumsanalysen – plansje
5. Sentrumsanalysen – kvantitativ analyse

Relevante registreringar og analyser som er utført ved tidlegare revisjonar av arealdelen og andre relevante planar:

1. Kjerneområde landbruk – kart (vidareført frå førre planperiode)
2. Kjerneområde landbruk – retningslinjer (vidareført frå førre planperiode)
3. Strandsonavurdering – oversiktskart (vidareført frå førre planperiode)
4. Strandsonavurdering (vidareført frå førre planperiode)
5. Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget